



MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 25. april 2008, kl. 09:00 – 15:00

Stad: Hol, Hol kommunehus

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Dag Stenersen og Nils Peter Undebakke (vara), og regionkontakt Terje Moen.
Rådmannsutvalet deltok i sak 28-08.

SAK 27/08 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 6.3.2008

Vedtak

Møteprotokoll 29.februar 2008 vart vedteke.

SAK 28/09 STYRKE BUSETTING, REKRUTTERING

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal ynskjer å setja i gang eit to-årig tilflyttingsprosjekt, baser på konsept til Placement Utvikling AS.

Regionrådet rår kommunane i Hallingdal til å gjera slikt vedtak i forhold til pkt.1:

- 1.A ... kommune ynskjer å delta i eit 2-årig regionalt rekrutterings/tilflyttingsprosjekt for Hallingdal, basert på vedlagt saksframstilling, med oppstart august 2008.
 - 1.Bkommune forpliktar seg til å ta aktiv del i prosjektet og sørger for at arbeidet blir forankra og innarbeida i plandokument og budsjett.
 - 1.C kommune løyver sin del av kr. 400.000, etter regional fordelingsnøkkel, fordelt på 2009 og 2010.
-
2. Regionrådet for Hallingdal tek på seg prosjektansvaret for tilflyttingsprosjektet.
 3. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 450.000 til prosjektet, som blir teke frå disposisjonsfond.
 4. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 600.000 til prosjektet av midlar frå parterskapsavtala med Buskerud fylkeskommune.
 5. Regionrådet for Hallingdal rår til at styringsgruppa for prosjektet er:
 - 2 representantar frå Regionrådet for Hallingdal
 - rådmannsutvalet eller representantar oppnemnt av rådmannsutvalet (6 personar)
 - 2 representantar frå HallingExpo
 - 1 representant frå Hallingdal Etablerarsenter
 - 1 representant frå Innovasjon Norge?
 - 1 representant frå Buskerud fylkeskommune

6. Regionrådet sine representantar i styringsgruppa er:.....
7. Regionrådet tek på seg ansvaret for at styringsgruppa blir etablert.
8. Dagleg leiar i Regionrådet for ansvaret for å kontakte Hol kommune med tanke på å samordne tilflyttungsprosjekt i Hol med det regionale prosjektet.
9. Målsettinga for prosjektet er minimum 100 tilflyttarar i løpet av prosjektperioden.

SAK 29/08 FORVALTNINGSREFORMEN – FORSLAG TIL NYE OPPGAVER TIL DET FOLKEVALGTE REGIONALE NIVÅET

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal har gått gjennom Høyringsframlegg til Forvaltningsreforma - Forslag til nye oppgåver til det folkevalde regionale nivået, og vil med dette koma med følgjande uttale:

1. Sjølv om det i høringsnotatet er sagt at regjeringa vil utarbeide endeleg forslag til inndeling av det regionale nivået etter at fylkestinga har fatta vedtak våren 2008, verkar det som om konklusjonen på dette området er klare.

Regionrådet for Hallingdal heldt fast ved tidlegare vedtak til Hallingtinget:

"Hallingtinget vil prioritere ein forsterka fylkesmodell med ei regioninndeling som i hovudsak tilsvarer dagens fylkesinndeling".

2. Med bakgrunn i dei sentrale føringar som vart lagt, omfattande prosessar som er gjennomført regionalt og lokalt, og det dokument som no ligg på bordet, så kan det vera god grunn til å stille spørsmål ved ressursbruk og truverd, Regionrådet for Hallingdal er skuffa over at all den positive energien i samband med regionreformarbeidet no ser ut til å forvittra, til eit framlegg med minimal reell maktoverføring frå staten til det nye regionale nivået.
3. **Regionrådet for Hallingdal legg følgjande prinsipp til grunn for forvaltningsreforma, med bakgrunn i at det skal vera 3 forvaltningsnivå i Norge.**
 - Nærleiksprinsippet. Alle avgjerder skal flyttes så nært innbyggjarane som mogeleg, og takast på lågast mogeleg hensiktmessige forvaltningsnivå. Ut frå dette må fleire oppgåver flyttast ned på kommunalt nivå.
 - Desentralisering. Reforma skal vera ei omfattande desentralisering av oppgåver, ansvar og myndigkeit. Reforma skal ikkje føre til sentralisering i regionane, og regionale funksjoner skal spreia i heile regionen.
 - Regionreforma må ikkje ha som konsekvens at den overstyrer kommunane i samfunnsutviklinga. Spesielt kan nemnast at kommunane må få eit langt større ansvar for næringsutvikling og stadutvikling.
 - For at det skal vera ein demokratireform må fylkesmannembete berre ha ansvar for tilsyn og kontroll
 - Vidareføre/styrke prinsippet om at dei faglege, administrative og finansielle ressursar følger oppgåvene.
 - Generalistkommuneprinsippet skal vidareførast. Kommunane sin rolle i samfunnsutviklinga skal styrkast, og oppgåveoverføring til kommunane må ikkje vera avhengig av kommunestorleik.
 - Det er viktig at geografisk differensierte verkemidlar kompenserer for ulike vekstføresetnader på grunn av naturgevne ulemper. Det må utviklast ein kort veg frå ide til handling, og ei brei overføring av verkemidlane til regionen må derfor gjennomførast.

4. Regionrådet for Hallingdal har ingen merknader til dei overførte oppgåvene i Høyringsnotatet, men synes dette gir liten reell maktoverføring til det nye folkevalde regionale nivået.
- 5. Regionrådet for Hallingdal tilrår Regjering og Storting å overføra følgjande oppgåver til det nye folkevalde regionale nivået:**
- Føresetnaden for overføring av øvrige riksvegar må vera at staten tek ansvar for å rette opp forfallet og få vegane i skikkelig stand, i samsvar med veglova sine krav
 - Regionrådet støttar forslaget om at ansvaret for stamvegar må vera ei statleg oppgåve og at vear som bind landsdelar saman ("interregionale funksjoner") blir omklassifisert til stamvegar.
 - Styringa over Innovasjon Noreg på regionalt nivå.
 - Alle utviklingsoppgåver og –midlar hos Fylkesmann sine avdelingar, der fylkesmannen sit att med alt tilsyns- og kontrollansvar på vegne av staten.
 - Store delar av dagens rovdyrforvaltning kan overførast frå staten, ved fylkesmannen, til regionane.
 - Oppgåveoverføring frå fylkesmannen til regionane innan miljøområdet.
 - For å sikre at den høgare utdanninga og forskinga er i samsvar med regionen sine behov, må regionen ha eit medansvar for utviklinga av universitets- og høgskolesektoren.
 - Regionen må få eit mykje sterkare og heilskapleg ansvar – politisk, faglig og finansielt – for kulturpolitikken på regionalt nivå enn det som er foreslått i stortingsmeldinga.. Ressursar og funksjonar som i dag blir ivaretakne av ulike statlege organ og som har regionale funksjonar må overførast til regionalt nivå. Kulturpolitikken i regionen må utformast og gjennomføres i et nært samarbeid med kulturinstitusjonane, organisasjonane – og med kommunane og staten.
 - Bestillaransvaret i Spesialisthelsetenesta, Rusomsorg og Barnevern
 - Spesialisthelsetenesta må få reell demokratisk forankring i dei nye regionane. Regionane må ha eit særleg samordningsansvar for folkehelsearbeidet på regionalt nivå.
Arbeidet må skje i et nært samarbeid med stat, kommunane og frivillige organisasjonar. Ressursar til folkehelserådgjeving i regional stat må overførast til regionane, med ansvar for å formidle kunnskap og kompetanse.
 - Vurdera å overføra regionkontora til NAV og NVE.

SAK 30/08 UTTALE REGIONAL PLANSTRATEGI, HØYRING

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal ynskjer å koma med følgjande uttale til høyringsutkast til regional planstrategi for Buskerud:

1. Kommunane i Hallingdal har vedteke å vera med på ein felles energi og klimaplan for Hallingdal og Valdres. Prosjektperioden er 2 år og arbeidet er i oppstartfasen.
I forslag til tema bør dette tiltaket inn som eit eige plansamarbeid.
2. Landbruket er ein av bærebjelkane for Hallingdal. Det tradisjonelle landbruket er i sterk attendegang, der Hallingdal er ein av distriktsregionane som har størst reduksjon i tal sysselsette. Matproduksjonen er framleis rimeleg stabil, men er m.a. avhengig av at jordvernet står sterkt i arealpolitikken. Eit levande landbruk vil framleis ha mykje å seia for busettinga i distrikta og for eit levande kulturlandskap, som er eit av dei grunnleggande fundamenta for utviklinga av reiselivsnæringa.

Regionrådet for Hallingdal vil oppmøde om at det blir sett i gang eit forskingsprogram om forholdet mellom det framtidige landbruket og utvikling av ei berekraftig reiselivsnæring.

3. Regionrådet støttar tiltak i forhold til rekruttering av arbeidskraft, men ber om at det blir vurdert er som ein del av tiltak i samband med "Kommunar med nedgang i folketalet".
4. I forhold til dei konkrete tiltak i nasjonal reiselivsstrategi og Reiselivsstrategi for Buskerud vil Regionrådet for Hallingdal foreslå at det blir etablert eit eige tema; Samarbeidsforum mellom m.a. Hallingdal, Buskerud fylkeskommune, Fylkesmannen i Buskerud, Innovasjon Norge og HiBu. Føremålet vil vera å arbeide aktivt for å følgje opp regional og nasjonal reiselivsstrategi. Dette er eit arbeid som bør starte umiddelbart.
5. Noregs Friluftshøgskole som grunnidé og konkret tiltak vil kunne vera den høgskula Hallingdal treng, både i forhold til den generelle utfordringa Hallingdal har, og ikkje minst i forhold til utviklinga av det framtidige reiselivet. Dette må koma til uttrykk som eit konkret tema.
6. Det må koma tydeleg fram kva Ringeriksbanen vil ha å seie også for Hallingdal både i forhold til fastbuande og reiselivet.
Syner m.a. til Tor Selstad sin rapport: Planstrategi og planprogram for Buskerud.
"Dette er Buskeruds viktigste reiselivsregion. For å sikre ny vekst i en reiselivsregion, er det viktigste offentlige myndigheter kan bidra med fysiske infrastrukturer. Det som er sagt om "Ringeriksbanen" og Hønefoss, har like stor gyldighet i Hallingdal. En forkortelse av Bergensbanen mot Oslo kunne representer et løft for regionen."
Det må også koma fram at ut frå både trafikktryggleik og eit miljø- og samfunnsøkonomisk perspektiv må det snarast leggast til rette for auka godstransport med Bergensbanen, mellom Oslo – Bergen.
7. I tillegg til tema; Areal og transport Buskerudby(aksen Lier – Kongsberg) bør det vurderast eit tema som følgjer opp planen om Reiselivsnæringens transportbehov. Dette er og eit tema som er kommentert i forslag til Nasjonal Transportplan 2010 – 2019:
"Vi mangler i dag viktig kunnskap om sammenhengen mellom reiselivsnæringen og kravene til transportsystemene. Derfor er det behov for forskning om reiseliv og transport."
8. Fjellregionsamarbeidet bør vurderast å bli teke inn som tema.
9. I forhold til temaet "Kommunar med nedgang i folketalet" må det utarbeidast ein interkommunal plan for Hallingdal.

SAK 31/08 ORIENTERING HALLINGDAL NÆRINGSHAGE

Styreleiar Jan Egil Halbjørhus og dagleg leiar Gudbrand Teigen orienterte om idear om ei mogeleg organisering av ressurs-/fagpool for off. og privat næringsliv i Hallingdal (presentasjon er lagt ved møtebok).

SAK 32/08 ORIENTERING HALLINGDAL REISELIV

Saka vart utsett til neste møte

SAK 33/08 HALLINGKOST**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal meiner det no er svært viktig å føre vidare det arbeidet som er utført av Hallingkost BA dei siste åra.
2. Regionrådet rår til at kommunane i Hallingdal totalt yter eit årleg driftstilskot på kr. 200.000 pr. år, dei komande 3 åra. Regionrådet føreset at dette er med tanke på at Hallingkost skal bli sjølvfinansierande.
3. Regionrådet rår til at følgjande fordelingsnøkkel vert nytta:
 - o Grunnbeløp. Alle kommunar betalar kr. 10.000 som eit grunnbeløp.
 - o Resten, kr. 140.000 blir delt i to like delar.
 - 50 % av beløpet blir delt etter folketal.
 - 50 % av beløpet blir delt etter talet på medlemmer i den einskilde kommune.

**SAK 34/08 PARTNARSKAPSAVTALE MED BUSKERUD FYLKESKOMMUNE,
SØKNADAR 2008****Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal vil i denne omgang prioritere følgjande tiltak i samband med partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2008:

a) Partnarskapsavtale med DBC-Næringshage, 2008	kr. 300.000
b) Hallingdal Reiseliv, Eventyrveien og Eventyrferden	kr. 800.000
c) Hallingfiske	kr. 50.000
d) Vassdragsovervaking 2008	kr. 150.000
e) Tilflyttungsprosjekt (ref. sak 28/09), føreset også kr. 300.000 i 2009	<u>kr. 300.000</u>
TOTAL SUM	<u>kr.1.600 .000</u>

SAK 35/08 SOKNA – ØRGENVIKA, BOMPENGEORDNING, ORIENTERING

Dagleg leiar orienterte om førebelse modellar og berekningar for delvis bompengefinansiering av Sokna - Ørgenvika

SAK 36/08 FØRESPURNAD OM DELTAKING HALLINGSKOG**Vedtak**

Etter oppfordring frå HallingSkog skal ordførar Tor Egil Buøen representere Regionrådet i styringsgruppa

Ål 28.4.2008

Knut Arne Gurigard
Regionrådet for Hallingdal
Dagleg leiar

Vedlegg: Presentasjon Hallingdal Næringshage